TIL KAMP UNDER LEDELSE AV ARBEIDERKLASSEN MOT MONOPOLKAPITALEN OG FOR SOSIALISMEN!

oppbrudd 9 1974

AVISA TIL NORGES KOMMUNISTISKE STUDENTFORBUND, UNIVERSITETET I OSLO 9. ÅRG.

# Det ble RØD VÅR I DNS



Nederlaget er et faktum for reaksjonen...



Leif Gusland holder Rød Fronts seierstale.

"Opptellinga viser at det er avgitt i alt 5340 stemmer ved dette valget. Grønt Gras har fått 588, DKSF 1500 og ..." Det var alt resultatoppleseren rakk å få med seg før jubelen brøt løs i Chateau lørdag. Seieren var et faktum! Reaksjonen var feid med brask og bram tilbake til Høyres Hus. 3245 stemmer fikk Rød Fronten. En oppslutning som noe kandidatstyre aldre har opplevd maken til. Det viser med all mulig tydelighet hvor mye sannhet det er i de reaksjonæres svada om at"bare en liten sekt slutter opp om Rød Front". Er det ei gruppe som fortjener ordet sekt etter dette valget, så er det de reaksjonære sjøl! Allerrede klokka to begynte folk å sige inn i Chateau valgdagen. Og etter som timene sneglet seg avgårde ble luftslottet mer og mer tettpakket med progressive.

DKSF-ledelsen begynte å bli nervøse De hadde storsalen i mot seg, og rapportene fra 1. plan og kjeller'n var heller ikke særlig optimistiske for den. Deres siste håp var Frederikke, men da beskjeden kom at 90 % av folka der reiste seg og sang Internasjonalen, var valget i virkeligheten avgjort. Det måtte bli Rød Front.

Og Rød Front ble det til gangs. Reaksjonen fikk seg en smell og et nederlag de sent vil glømme. Antakelig angretde bittert og inderlig etter valget på at de hadde gitt Narve Trædal ei mørkeblå silkepute. Den puta hadde de jamen hatt bedre nytte av sjøl, så pladask som de gikk overende!

Men det var så visst ikke bare DKSF som fikk seg en på snuta. Støtten til Rød Frontens forslag om å ekskludere fascistene i NUF og AKA var overbevisende, sjøl om det manglet noen stemmer for å få det gjennomført som lov. Vi synes likevel avvisinga av Blücher & co. var klar nok. Entydig var også utfaleet av DKSF's resolusjon om aksjonen på HF: Bare 1549 stemte for den, hele 2847 i mot. 433 var avholdende. Særlig bittert måtte resultatet være for SV. Versto snakket før avstemningaom at NKS nå burde få seg en smekk. Den smekken fikk han istedet sjøl. Kvinnefronten sin resolusjon fikk 1095 stemmer mot seg. Det er et tall som forteller atskillig mer enn vakre ord om hvordan de reaksjonære stiller seg til kvinnekampen.

Idet hele tatt var dette valget et valg vi seint vil glemme. Stemningen blant de progressive var upåklagelig og Fei dem ut-ropet de reaksjonære prøvde seg med druknet fullstendig i ventresidas kampsanger og slagord. Det var da også tydeligvis pinlig å ha boblejakke prydet med "feiermerke" på lørdag. Både før og etter valget. Ihvertfall var det mange på høyrefløyen som underveis fant ut at det var best å kvitte seg med merkepryden.

Regi skal ha all mulig honnør for en prikkfri teknisk gjennomføring av dette valget. Prikkfri må en også kalle Carl Erik Schulz' møteledelse. Og når en så tar i betrakning alt det andre som også klaffet som det skulle kan vi bare slå fast at dette valget ble som det var tenkt å bli. Det ble

KLASSEKAMP MOT REAKSJONEN!

# Bernt Holtsmark: TA VARE PÅ SEIEREN



Denne høsten har på flere områder - DNS, interessekampen og streikestøttearbeidet - vist at det er en ny bevegelse mot venstre blant studentene Dette etter en kort tid der slutten av EEC-kampen skapte tvil om hva som var oppgavene, og derstortingsvalget ga opportunismen vind i seilene. Samtidig ser vi klart at den åpne reaksjonen - på universitetet som ellers i samfunnet - prøver å gå på offensiven. Vår oppgave som kommunister er å slå reaksjonen og binde de progressive massene til en klart revolusjonær politikk, sier formannen i NKS, Bernt Holtsmark, til Oppbrudd.

Slutten på EEC-kampen utvidet den progressive studentbevegelsen i bredden, men den og stortingsvalget la grunnen for framgang også for opportunistiske synsmåter. Idag er ikke progressive ikke lenger tilfreds med å vente på partisamlinga i SV - de ser at situasjonen krever handling. Situasjonen i 74 har stort sett vært stagnasjon for opportunismen,og framgang for marxismen-leninismen. Dette kommer klart fram i DNS-resultatet, der stemmetallene for resolusjonene viser at SV-lederne har øvd svært liten innflytelse.

Hva betyr DNS-seieren rikspolitisk?

Den betyr en håndfast nesestyver for ræaksjonen og en stor oppmuntring for progressive som idag møter reaksjonens frammarsj på gymnas og skoler.

Vi ser alt nå at de reaksjonære tar nederlaget hardt. De 3245 stemmene vil spøke for høyresida i hele landet når de i framtida prøver seg med nye offensiver. Samtidig har seieren bidratt til å sette borgerpressas vrøvl om en liten eksteremistisk klikk i sitt rette lys. Og den har utvilsomt styrket studentbevegelsen utad f.eks. i arbeiderklassen og fagbevegelsen. Vi har vist hvordan vi skal ta dem: dødsens alvorlg , og moblisere bredt og dypt blant folk. Streikestøttte-arbeidet har hatt stor betydning for å få til dette.

Hvordan vurderer du DKSF's valgkamp?

De reaksjonære var i hele valgkampen plaget av ett bestemt mareritt: motsigelsen mellom den politikken som var reaksjonær nok til å skape entusiasme blant de blå, og den politikken som var politisk mulig og "gangbar" på universitetet. De satset vulgært og demagogisk med "Fei dem ut" i startfasen, måtte gjøre innrømmelse etter innrømmelse, og stuplandet på verdikonservative økologifraser på generalforsamlinga.

Har det vært en svakhet at Rød Front bare har hatt systematisk støtte fra NKS i valgkampen?

Det er klart at støtten til Rød Front fra andre venstregrupper - sørlig fra SV - har vært utilfredsstillende. DNS-skriveriene i det SV-redigerte Universitas har f.eks. etter min mening skadetRød Fronts reaultat. SV-ledelsen har ikke spilt noen viktig rolle i DNS-arbeidet - de har stått på sidelinja liksom de har gjort det i streikestøttearbeidet og interessekampen også.

Hva betyr resultatet for NKS' arbeide?

Vi i NKS har kasta store krefter inn i arbeidet i DNS dette semesteret, og det er klart at vi ser resultatet som en seier også for NKS. Bak hver enkelt stemme ligger det kamp og personlig mobliseringDette er derfor også en stor seier for kommunistenes massearbeid og evne til å mobilisere mot reaksjonære framstøt. Store studentgrupper er satt i bevegelse. Det er vår oppgave å binde dem fast til en revolusjonær sosialistisk politikk og til stabilt politisk arbeid. Vi må gjøre dette gjennom å tilby disse kamerateneplass og arbeidsoppgaver i NKS og annet organisert arbeid, f.eks. i interessekampen og kvinnekampen. Hvis vi ikke gjør et stort organiserende arbeid nå vil de varige resultatene av DNS-valget være svært usikre.

For NKS som organisasjon betegner resultatet et stort framsteg, og et gjennombrudd i bred massemobiliseringi Oslo. NKS har bare eksistert i 3/4 år, og har ført til stor framgang httil. Vi skal notere oss framgangen med glede.

Men vi skal ikke slå oss til ro med det. Våren kommer til å stille store oppgaver for forbundet, både med interessekampen, 1. mai-arbeidet og forberedelsene til kommunevalget. Vi skal ikke tru DNS er permanent vunnet, selv om Rød Fronts resultat sikkert gir stoff til ettertanke for de som måtte ha lyst til å stille mot Rød Front til våren. Viktigst idag er det å ta tiltak for å knytte de som stemt Rød Front til organisertog stabilt politisk arbeid. Det er slik vi kan ta vare på seieren i det videre arbeidet, slutter Bernt Holtsmark.

## Generalforsamlings-glimt

Øyvind Foss, pastor:

"Jeg tenkte nok at noen ville forsøke å stille NUF og la meg si de som han kalte stalinister i samme bås. La det nå engang være sagt klart og tydelig i denne sal at det er ingen sosialist som, uansett hvor sterkt man har kritisert Rød Front eller stalinismen, noensinne ville finna på å stille det i samme bås. Tross alt var Stalin med å knuse fascismen under krigen, og tross alt har han i hovedsak tjent det russiske folk med verdifulle økonomiske spørsmål."

Lars Groth var mot lovframlegget mot fascister og nazister i DNS - fordi:

"Jeg ber dere tenke littover det, hva som ville skje hvis f.eks. Tron Øgrim kom opp her, pekte på en person og sa:"Han er fascist", og det var et flertall av Rød Frontere i salen. Hvordan tror dere det ville gå da?"

Leif Johansen fra heismontørene:

"Isolasjon, sier Arbeiderbladet, er et godt ord for disse studentenes situasjon. Tro dem ikke!Nettopp slike utfall viser at dere er i ferd med å bryte ut av den tradisjonelle isolasjonen:"

Frode Helgerud, formann i DKSF, etter nederlaget:

"Ved siste stortingsvalg fikk AKP (m-l) 9000 stemmer. (piping) Idag får Rød Front , som er en underorganisasjon av AKP (piping og fy-rop) 3000 stemmer(piping, ordstyrer:"Får be om ro i salen så han kan bli ferdig med å drite seg ut her" Latter.) Dette er det Rød Front har benektet hele tiden, at det er møtemanipulering har! (piping)Vel, AKP får 3000 stemmer her idag. Jeg foreslår at de bytter navn til Akademikernes kommunistparti... (Salen roper:"Dårlig taper.")"

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2018

# Kan SV leie studentrørsla?

**Ved å stille dette spørsmålet held vi fram med kritikken mot den lina SV-leiarane har ført i interessekampen i haust. Denne lina har tyda passivitet istadenfor kamp, hets og åtak istadenfor diskusjon som vert retta framover. I alt dette syner det seg ei klar høgreutvikling. Vi meiner dette kjem av at SV meir og meir har knytt seg til den revisjonistiske og reformistiske kursen, også i interessekampen.**

## HØGREUTVIKLINGA

I dei kampane som har vore i haust har ikkje akkurat SV spela noka framifrå rolle. Vi kan nemne strikestøtterørsla, der det tok lang tid før SV i det heile ofra kreftene sine. I staden var det AKP(m-l) og NKS som tok initiativet til solidaritetsrørsla på dei høgre lærestadene.

Vi kan nemne interessekampen, der SV-leiarane ikkje tok andre tiltak då semestret opna enn å skrive om korleis massane svikta, som den illgjetne leiarartikkelen i Studentforum om "rompetunghet". I praksis dreiv dei sabotasje mot t.d. aksjonane mot lærarutdanningslova 31. oktober (sjå Oppbrudd nr. 8).

Høgreutviklinga kjem og fram i ein stadig sterkare anti-kommunisme. Ein har t.o.m. greidd å røyste i lag med DKSF mot den naudsynte aksjonen for å stanse intern lukking på HF. Olav Versto uttala på generalforsamlinga i DNS: "Ikkje lat dykk no lure av dette forsøket på å forherlige den hemningslause aksjonismen til AKP(m-l)".

Åtaka på kamplina held og fram. "såpekokeri på marxismen" og "vulgærpropaganda og partitaktikkeri". Ja, desse uttrykka fann vi i ein løpesetel som elles "krev" at Raud Front må ta s j ø l v k r i t i k k på at Sovjet vert kritisert! Elles "kan dette få følger for samarbeidet på venstresida i DNS" heiter det. Dette er ikkje anna enn knefall for imperialismen. Og SV si støtte til Raud Front har elles vore så halvhjerta at sjølv DKSF og borgarpressa har kunne gni seg i hendene

## SOSIALISME ELLER KNEFALL FOR DNA ?

Skal høgreutviklinga stoggast, må det verte ført kamp i SV mot ulike typer revisjonistisk ideologi som i dag fjernar SV meir og meir frå massen av studentar sine interessar. For det f ø r s t e er det naudsynt å slåst mot dei rotfaste parlamentariske illusjonane i SV.

Mange av SV-leiarane har ikkje røynslene sine frå massekampen, men frå studentpolitisk verksemd i ulike "ansvarlege organ" som Studentting og råd. Dei er m.a.o. "seriøse studentpolitikarar". I haust har dei synt mot-




Frå demonstrasjonen 31. oktober - ein universitetsparole. Er ikkje dette godt nok for SV ?

Per Magnus Mæhle skriv som ein god DKSF'ar i Studentforum:

> "Vi tror ikke at løsningen er en såkalt "kamplinje" som går ut på at en går i tog hver 3. uke og roper slagord mot den moralsk fordervede fienden, Bjartmar."

SV har vidare spela ei reaksjonær rolle i spørsmålet om Sovjet, der ein i hovudsak har nytta kreftene til å skulde kommunistane for "taktisk vilje mot å mobilisere studentane til aksjonar. I staden spreier dei idear om at det er nyttelaust å kjempe, om "rompetunghet" i studentrørsla, om at det vi treng mest er "forståing" - i s t a d e n f o r kamprøynsle osb.

Samstundes blæs dei opp si eiga rolle - dei skal liksom utvikle analysar og perspektiv for studentkampen. I røynda har dei synt at dei i k k j e maktar å bryte med byråkratiet i organ som NSU



Marit Aarseth, Lars Groth - "seriøse studentpolitikarar" ?

og Studenttinget. Fort vekk går dei inn på byråkratane og staten sine premissar, nett som SV på Stortinget. Døme er den kapitulasjonslina dei først stod på andsynes lærarutdanningslova. Ho var jo alt vedteken, og kva kunne ein då gjere ? Eit anna døme er at SV'arane i AU på Studenttinget opphavleg gjekk inn for auka semesteravgift for å få kjøpt Chateau Neuf. Siste tilskot er korleis SV-redaksjonen i Universitas gjekk mot at allmannamøta skal kunne binde ein representant. Dette går gale vegen, SV!

Vår haldning er at representantane treng å jobbe på grunnplanet, blant studentmassen. Til dømes må NSU i ein heilt annan grad rette arbeidet sitt inn på nivået i massane, for å reise kampen blant studentane. Det held ikkje med "analyse"verksemd i byråkratiet!

For det a n d r e må SV snarast klårgjere k v a dei meiner med "sosialistisk perspektiv".

SV hevdar at berre sosialistiske studentar kan kjempe mot den statlege utdanningspolitikken. Grunngjevinga er ein klasseanalyse av studentane som er umarxistisk og revisjonistisk. Av di studentane ikkje er ein klasse, seier SV, kan dei ikkje reise rette krav utan at dei har klårt sosialistisk innhald. Kva for konsekvenser får slik misbruk av klasseomgrepet? Jau, barn, elevar, studentar, kvinner, soldatar, idrettsfolk kan ikkje reise krav utan at dei er sosialistiske. Kampen for demokratiske rettar for soldatane, for frikjenning av Steinsjøsoldatane, Narve Trædal, kampen mot 30-timersuka og statsbudsjettet, for sjølvvald abort - alle desse a kampane må då vere fullt og heilt utan perspektiv for SV. Vi synest dette berre er ei omskriving av det kjente pratet til Gjerde om privileger.

Og sjølv om SV pratar om sosialisme, så vågar dei ikkje seie klårt frå kva dei meiner om høgresosialdemokratiet. og k a k e t e o r i e n. Vi meiner at DNA-toppen og Gjerde & co er borgarar, den strategiske hovudfienden i utdanningspolitikken. Og vi kan knappast sjå det perspektivlause i å reise parolar mot ein slik hovudtalsmann for monopolkapitalen som Gjerde - ettersom SV gong på gong ikkje vil ta stilling til om han er ein mogleg alliert eller ikkje.

Og kvifor røysta ikkje SV på Stortinget for full innfriing av dei krava tusenvis av utdanningssøkjarar har kome med til statsbudsjettet? Var d e t eit uttrykk for "det sosialistiske persoektivet"? E l l e r var det kapitulasjon for Gjerde og monopolkapitalen sitt fremste ideologiske våpen mot studentane: kaketeorien ? Når t.d. Arne Kielland pratar om samarbeid med DNA mot "borgarlege" parti, då ser vi ei lita line i all galskapen.

Vi kan konstatere at SV ikkje har teke noko o p p g j e r med høgresosialdemokratiet. Det gjeld o g på lærestadene. Rett ofte har vi fått høyre at ettersom studentar er uproduktive, så må vi vere varsame med å reise krav. For arbeidarane godtek kaketeorien, og då tyder auka løyvingar til oss auka skatt for dei osb.

Før SV har gått inn for å kjempa mot kaketeorien, kan dei aldri verte noka anna enn bakstrevarar i studentrørsla. Kaketeorien er liksom DNA-toppen reaksjonær, og vinn i k k j e n o k o på å la vere å stille krav - like lite som pensjonistar vinn noko på det.

## REFORMISTISK STRATEGI

For det t r e d j e legg SV opp ein klårt reformistisk kurs i interessekampen. Denne lina kan stutt seiast å gå ut på å byggje ein allianse med delar av arbeidarklassen for å få gjennom krava våre. Men først må vi gjere oss verdige til denne alliansen ved å syne at vi er sosialistar som gjer universitetet meir sosialistisk.

Eit sitat frå Studentforum kan uttrykkje dette betre:

> "Og et forsøk på å endre utdanningas funksjon må bli et forsøk på å gjøre den i større grad til et redskap for arbeiderklassen. Dette er nødvendig fordi det ikke er likegyldig for denne klassen hva slags universitet de sammen med studentene skal kjempe for skikkelige bevilgninger til - et ensidig borgerlig universitet eller et universitet der det foregår faglig kamp."

Til dette er å seie at arbeidarklassen under kapitalismen sjølvsagt er med og kjempar om løyvingar til eit b o r g a r l e g universitet - av di det ikkje kan vere anna enn borgarlege universitet før arbeidarklassen har innført sosialismen gjennom ein væpna revolusjon. Og i dag kjempar vi for å utnytte det borgarlege universitetet best for arbeidarklassen. For å gjere dette slåst vi mellom anna *for ein type borgarleg utdanning mot* ein annan og v e r r e type borgarleg utdanning, som dei nye pedagogiske høgskolane.

Gjennom ein slik kamp, som i k k j e er revolusjonær, lærer folk og staten å kjenne, dei får kamprøynsle og dei finn ut kven som er venn og kven som er fiende. Såleis vil denne kampen etter kvart bli knytt til ein endeleg og avgjerande kamp for sosialismen. Det krev tolmod frå vår side. Men det er den einaste vegen som fører fram, den e i n a s t e vegen som er revolusjonær og ikkje reformistisk!

## KVA VEG VIL SV GÅ ?

Kvifor nyttar vi så stor plass på å kritisere SV ? La det vere klårt at vi ikkje ser det som nok mål å drive med slik kritikk til alle tider. Målet vårt er tvert om å jobbe saman med SV i kampen mot staten og monopolkapitalen i utdanningsverket. Men når dei set fram konsekvent gale liner for kampen, når dei i praksis driv mot høgre medan dei dekkjer seg bak "perspektiv"frasar, då er vi n ø y d d e til å seie frå. Vi ønskjer ein mest mogleg k o n k r e t og skikkleg debatt. Og vi meiner at SV må ta eit brot med dei tre tendensane som vi har peika på i denne artikkelen dersom SV for framtida skal kunne stå fram som ein del av den progressive rørsla på lærestadene. Revisjonisme fører berre til nederlag for folket. Vi ønskjer ikkje at SV skal få ein slik lagnad. Difor: La oss gjennomføre ein sakleg diskusjon om desse sakene i studentmassen - og la oss reise kamp mot alle udugelege teoriar som vil lamme kampen mot staten og monopolkapitalen!

---

Etter generalforsamlinga lørdag 23. november holdt den djupt og inderlig reaksjonære redaktøren og majoren i Morgenbladet et n a c h s p i e l som bl.a. samla følgende personer:
Jan P. Syse, formann i Oslo Høyre
Steinar Wigtil, formann i Samskipnaden
Per Johannesen, tidl. nestleder i USV
Erling Borgen, ny redaktør av Universitas
Lars Martin Wathne, redaktør av Universitas
Resten av redaksjoneh i Universitas
Marit Aarseth, stud. representant i kollegiet
Lars Groth og DKSFs kandidatstyre

---

**KOMMUNISTENE har avslørt seg selv og hvem de egentlig FRYKTER !**

Følgende artikkel er hentet fra kommunistavisen Oppbrudd, nr. 7, 1974 :

**NUF med borgarterror som**

Ja, dette er hva Norges Kommunistiske Studentforbund skriver i sin avis Oppbrudd, som forøvrig utkommer i et enormt stort opplag, hvilket ikke på noen måte står i stil med NKS's lille oppslutning, og dertil utdeles GRATIS. Det er tydelig at Bresjnev og Mao er rause overfor sine lakeier. ... tilbakevise de utrolige løgner forfatteren har klart å ... som IKKE er medlem av Nasjonal Ungdoms- ... i forbindelse med det ... meget

# Dei marsjerer igjen...

Det vi skreiv om nazistane i Oppbrudd nr. 7 har som ein vil sjå ikkje gått dei hus fordi. Denne løpesetelen spreidde dei nyleg. Her er nokre smakebitar av innhaldet:

"Derimot frykter kommunistene NUF. Hvorfor? Fordi vi vet at kun en på alle plan effektiv og nådeløs kamp kan knuse den røde pest."

"Vil du ha Lenin til arbeidsgiver? Hvis ikke - bryt med de kvasikonservative! Fra apatisk og sjeleløs "anti"-kommunisme til nasjonal-revolusjonær kampvilje! Gå inn i NUF og KNUS KOMMUNISMEN!!!."

Vi fryktar ikkje nazistane. Vi veit at folket alltid til sist vil greie å slå fascismen til jorda. Men vi tek dei likevel alvorleg. Vi veit at dei vilta dei demokratiske rettane frå folket med vald, vi veit at dei har skyld i store lidingar opp gjennom historia, som i Chile i dag. Vi er ikkje viljuge til å betale ein slik pris ved at vi no gjev dei fritt spelerom. Mot politiske terroritar av svart merke duger ikkje politiske argument, slik DKSF og Grønt Gras i "liberal" naivitet hevdar.

Raud Front kjem til å ta opp at lovframlegget om forbod mot nazistar i DNS. Framlegget fekk klårt fleirtal, 2756 mot 1580, men vanta altså nokre hundre på det naudsynte 2/3-fleirtalet.

Det må verte ei prinsippsak for alle som vil verne om dei rettane folk har kjempa seg til, at nazistar ikkje får høve til å drive "en på alle plan effektiv og nådeløs kamp" for å trampe ned desse rettane.


Oppbrudd utgis av Norges Kommunistiske Studentforbund ved Universitetet i Oslo og kommer ut hver 3. uke.
Ansv. redaktør: Ole P. Jupskås
Adresse: Postboks 115, Blindern, Oslo 3.



# Telefonsentralmontørene streiker fortsatt

DE TRENGER STØTTE OGSÅ I JULEFERIEN:

ADRESSE: STREIKEKOMITEEN, TELEFONSENTRALMONTØRENES FORENING GRØNLANDSLEIRET 47 C, OSLO 1. POSTGIRO 22 41 8 75.



Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2018